Nr. 9 november 2007 - Årg. 22



# Bygdabladet for BOKN







Ny kommunelege i Bokn!
Les meir s. 2



På jobbsøk etter 8 år som ordførar
Les meir s. 6



Studietur til Toscana
Les meir s. 8

www.bygdabladet.no



# O(HAR) RDFØRAREN ORDET

*Kjære sambygding*

Tala for 3. kvartal viser at Bokn framleis har ei auke i folketalet. Auken ligg på vel 2,5 prosent og gjer at innbyggjartalet i kommunen per 15.11.07 var på 813 personar. I løpet av heile 2007 har me hatt ei auke på totalt 20 personar, og dette er svært gledeleg. Me har likevel ei utfordring med å skaffa nok bustadar til alle innflyttarane. For tida er det nesten ikkje husvere å oppdriva i Bokn, verken for sal eller utleige.

Ein ynskjer ikkje å koma i ein situasjon der det er mangel på bustader som stoppar den positive utviklinga i folketalet. Prosessen med å leggja til rette for ei utviding av byggjefeltet i mellom anna Fyrvegen, har difor prioritet, både politisk og administrativt.

**Seksjon teknisk**
På grunn av sjukdom, permisjonar og vakanser i seksjon teknisk, er sakshandsamingstida noko lengre enn vanleg. I tillegg kan det til tider vera vanskeleg å få kontakt med saksansvarleg på telefon eller ved oppmøte. Ein ber brukarane ha forståing for dette. Ein håpar situasjonen i seksjon teknisk vil betre seg utover vinteren 2008.

I tillegg er kulturkontoret ubemanna ut året på grunn av sjukdom. Dette medfører mellom anna at kommunen si nettside ikkje har same frekvensen på oppdateringar som tidlegare.

**Sørheim-utvalet**
Som kjent har det regjeringsoppnemnde utvalet, det såkalla Sørheim-utvalet, lagt fram ei innstilling med forslag til endringar av overføringssystemet til kommunane. Den fyrste oversikten viste at Bokn var den kommunen i landet som kom dårlegast ut.

I november tok me kontakt med kommunar som har samanfallande problemstilling som Bokn, mellom anna Utsira og Kvitsøy, for å sjå litt på kva strategi ein må leggja opp til for å vinna fram med vår argumentasjon i saka. Vidare vil me engasjera eksterne konsulentar for å utreda konsekvensane for Bokn kommune ved eit eventuelt bortfall av regionaltilskotet. Eg vil også be om eit møte med kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa (SP) på nyåret for ein dialog rundt dette temaet.

*Kyrre*

# Dag-Helge Rønnevik er tilsett som kommunelege 1 i Bokn

Jan Erik Nygaard

**Det er med stor glede ein kan informera om at Dag-Helge Rønnevik har takka ja til stillinga som kommunelege 1 i Bokn kommune. Han vil tiltre stillinga 15. februar neste år.**

Dag-Helge er no i ferd med å avslutte turnustenesta ved Hegren Legesenter i Tysvær. Tidlegare har han vore turnuslege ved Haugesund Sykehus. Utdanninga si har han frå Universitet i Tromsø der han var ferdig våren 2006.

Legestillinga i Bokn er no ein 100% stilling. I tillegg til å ivareta fastlegefunksjonen i kommunen, er legen sitt arbeid knytta opp til arbeidet i helsestasjonen, medisinskfagleg tilsyn med sjukeheimen, og han skal elles ivareta kommunlegefunksjonen i kommunen. Han skal òg ta del i den interkommunale legevaktordninga for Tysvær, Sveio og Bokn.

Dag-Helge er busett på Kolnes i Karmøy kommune, men kjem opphavleg frå Sommarøy – eit lite tradisjonsrikt kystsamfunn med ca. 500 innbyggjarar – heilt ute i havgapet vest for Tromsø. Som born og ungdom på Sommarøy har Dag-Helge prøvd seg både som fiskar, vore produksjonsmedarbeidar på fiskebruk og om vintrane var han med på torsketungeskjæring

Dag-Helge er 30 år, gift og har 3 born på 2, 5 og 7 år. Han er engasjert i lokalmiljøet på Kolnes der han er aktivitetsleiar i idrettsskulen Kolnes IL i tillegg til at han er styremedlem i Kolnes Idrettslag og Kolnes Grendahusstyre.

Bokn Bygdablad vil på eit seinare tidspunkt komma tilbake med intervju med Dag-Helge og vil etter kvart komma med informasjon om opningstider mv. for det nyopna legekontoret.

**Bilde på forsida: Dag-Helge saman med sonen Håkon**
**Foto: privat**

# Julemarknad i Føresvik

Kyrre Lindanger

**Det var tilløp til trengsel i den gamle delen av handelslaget i Føresvik då Coop Bokn arrangerte julemarknad lørdag 24.11.07. Vêret var slik det pleier å vera på denne årstida; piskande regn og fem grader**.



**Mykje folk var innom butikken i Føresvik**

- Me måtte slå ut deler av veggen kvelden før slik at me kunne få laga inngang til dei tidlegare lokala til Kolbeinsen Elektro. Dermed kunne me utnytta areala maksimalt. Etter planen skulle fleire av aktivitetane foregå utandørs, men dette satte vêret ein effektiv stoppar for, fortel butikksjef Tor Harald Alvestad til Bygdabladet.

Omlag 50 personar – store og små – samla seg i den tidlegare jernvareavdelinga for å høyra barnekoret framføre stemningsfulle julesangar. Det var satt fram benkar slik at dei frammøtte kunne setja seg og nyta ein kopp kaffi.



**Barnakoret framførte julasongar.**

Bokn Idrettslag selde graut, kaker, gløgg og mykje anna godt. Det var salg av husflidsprodukt og ferske smultringar, teiknekonkurranse for barna og filmframsyning.

Det var også høve til å laga julekort av barna hjå fotografen. Nissen tok også turen til Føresvik denne novemberdagen og delte ut mandariner til dei minste.



**Teiknekonkurranse for dei minste**



**Sal av heimebakst hjå Bokn Idrettslag sin kafé**

# Bokn Sanitetsforening 70 år 13.11.07

Rita Bokneberg

Dennekvelden hadde me invitert tidligere styremedlemmer og tysvær sanitetsforening og Førre sanitetsforening for å markera jubileet vårt.
Foredragshaldarar:
Gro Skartveit frå veiledningssenteret for pårørande
Wilma Karina Adersen, fylkesleder i sanitetsforeningen
Inger Sønnøve Bokneberg vår leiar gjennom 28 år i sanitetsforeningen, ho har nå trappa ned til nestleiar.

Allrommet var fullsatt og Reidun Grønnestad, leiar i Bokn sanitetsforening kunne opna kvelden med ei velkomsthelsing.
Inger Sønnøve fortalte sanitetens historie frå den spede start og fram til i dag.

13. november 1937 var distriktslege Thorkildsen på ungdomslokalet i Bokn og holdt foredrag om sanitetsarbeidet. Denne kvelden blei det beslutta å danna sanitetsforening på Bokn.med 63 nyeteikna medlemmer. Den årlege kontigenten var på kr. 1,-
Styret var slik:
Formann Anna Alvestad
Nestformann Kirsten Kro
Kasserar Nille Vatnaland
Styremedlem Margit Dirdal, Ella Ognøy Øvrebø
Varamann Kristi Are, Gina Nygård
Revisor Erna Sæbø, Magda Sæbø



**Mange hadde funne vegen til Sanitetsforeninga sitt 70-års jubileum på Allrommet**
**Foto: Reidar Alvestad**

Det blei på denne tida avvikla eit sjukekurs som varte i 8 dagar med 20 deltakarar. Ansvarleg for kurset var søster Marie Stensland som og holdt 6 offentlege foredrag under besøket her.

I 1939 søkte sanitetsforeningen etter ei helse- og sjukesøster, med tilbod om kr. 1.000,- i årslønn + fritt hus, lys og brensel. Sjukesøster fekk dei fast i 1941 og lønna var da auka til kr. 1.200,-
Det vart og delt ut ulltepper, klær. Spedbarnsklær til utlån i 4 månader.

Dei delte og ut tran, smør og havregryn. I etterkrigstida var det mange som trengte ulike former for hjelp. Barna blei fylgde til tannrøkta og helsesjekk. På denne tida var det eit stort problem at barna var undervektige. I 1950 kjøpte sanitetsforeningen inn 50 liter tran som lærarane skulle dele ut. Spedbarnskontrollen kom i gang 1962-63.

1967 forespurte kommunen om saniteten kunne ta seg av heimejelpa. Kommunen tok over denne oppgåva igjen i juli – 69. Samme året starta saniteten opp med turar for eldre som blei eit populært tiltak i mange år. I 1973 invisterte me i nytt utstyr til spedbarnskontrollen ca. Kr. 12.000,- Ikkje lenge etterpå overtok kommunen både arbeid og utstyr.

Fotterapi har og vore støtta av saniteten sidan -70 åra med eit avbrekk på nokre år da kommunen støtta ei stund. No støttar me pensjonistar og uføretrygda som er medlem.

I 1987 blei Bokn sjukestove opna og i den anledning bidrog me med utsmykning og inventar. I ettertid har med kjøpt ei rekkje ting som til dømes: trygghetsalarmar, hjartestartarar, personheisar, kjøkkeninnreiing.
I tillegg støttar me våre merkesaker som som t.d. kreft og revmatisme.
Dei største inntektene får me gjennom den årlege basaren og sal av fastelavensris.
Me har no eit medlemstal på 102, men skulle gjerne hatt fleire.

Vårt motto er:
I dei små ting frihet
I dei store ting enighet
I alle ting kjærlighet

Gro Skartveit frå veiledningsenteret for pårørande fortalte om arbeidet sitt og om opprettinga av nytt kontor i Haugesund. Dette er eit sårt tiltrengt tilbod for dei mange det gjeld. Å oppleva at nokon som står deg nær har rusproblem(alkohol eller narkotika), kjem i kontakt med politiet eller blir satt i fengsel kan være svært vanskeleg. Fortviling, uro, frykt, skam og uvisse er noko av det skom slit i ein slik situasjom. Mange pårørande er rådlause og veit ikkje kva dei skal eller kan gjere. Alt for mange går åleine med tankar og følelsar.



**Reidun Grønnestad overrekker ein sjekk på kr. 10.000,- til Gro Skartveit og Veiledningssenteret for pårørande. Foto: Reidar Alvestad**

Kven kan koma til veiledningsenteret?
Pårørande til personar med rusproblem
Pårørande til innsatte i fengsel
Pårørande til personar som politiet er i kontakt med

Pårørande er:
Alle med nær tilknytning til nokon i målgruppa er velkommen til veiledningsenteret. Det kan vere foreldre, samlivspartnere, barn, søsken, besteforeldre, svigerfamilie, nære vener eller andre.
Veiledningsenteret kan tilby individuelle samtalar på kontoeret eller på telefon. Parsamtalar og ulike samtalegrupper.

Veiledningsenteret for pårørande er ein stiftelse oppretta av Norske kvinners sanitetsforening, Rogaland..
Veiledningsenterets tilbod er gratis og det trengs ikkje henvisning.

Adr. Haugesund: Øvregt. 177 tlf. 52 71 78 80
Adr. Sandnes: Flintergt. 4 tlf. 51 66 42 02
www.veiledningssenteret.net
e-post: kontakt@veiledningssenteret.net
Brosjyrer skal ligge på venterommet til lege/tannlege og fysioterapeut/fotterapeut

Etter at Gro Skartveit var ferdig med sitt innlegg overrakte Reidun ein sjekk på kr. 10.000,-

Dette vonar me at folk flest synes er vel anvendte penger til ei gruppe som i alt for mange år har vore forsømt av samfunnet.

Så var det tid for litt pausemusikk framført av "reservebenken" Daghild G. Alvestad, Lillian Grønnestad, May Jorunn Vatnaland og Venevil Birkelund.
Dei song nydeleg og rørande.

Deretter var det fylkesleiar Wilma Karina Andersen sin tur til å sei nokon ispirerande ord om det å vera med i saniteten. Tenk framover, tenk nytt, sett mål. Ho snakka og om satsning på kvinnehelse og omsorgsberedskap.
Me betaler inn til sentrale fond som igjen går til forskning
Kvar forening bør ha ein handlingsplan for å lette arbeidet.

Inger P. Espevoll gratulerte og takka for invitasjonen på vegne av Tysvær Sanitetsforening.

Ser dere alle Bokn`s damer det skjer noko i sanitetsforeningen, bli med som medlem. Dette er meiningsfullt.!!

**Beste helsing på vegne av damene i sanitetsstyret**
**Rita Bokneberg**

# 147 km/t gjennom Knarholm-krysset

Annette Bokneberg

Utrykningspolitiet gjennomførte fredag 23.11.07 i 15-tida laserfartskontroll på vegstrekket sør for avkøyringa til Føresvik.

Resultatet blei anmelding og førarkortbeslag for ein ung mann frå Stavanger som blei målt til 147 km/t i 80-sona. 31-åringen hadde mista førarkortet for fartsbrot ved to tidlegare høve. I tillegg fekk han gebyr for manglande bilbeltebruk.

To andre bilistar måtte bidra med henholdsvis 3.600 kr og 6.500 kr til statskassen for å ha køyrd i 100 km/t og 108 km/t i løpet av den timen UP var på staden. Samtlege forklarte at dei skulle rekke ferja i Arsvågen.



Foto: UP

# Kakemenn og koner!!

1 1/2 kg hvetemel
5 ts hjortetakksalt
750 gr sukker
150 gr margarin, dette skal smuldres i melet
1/2 l vann eller melk
200'C ca 10 min, midt i ovnen



# På jobbsøk etter 8 år som ordførar

Reidar Alvestad

**Svein Ove Alvestad gjekk den 9. oktober av som ordførar etter 2 periodar og 8 år i ordførarstolen i Bokn. Første periode var frå oktober 1999 til oktober 2003. Den andre var frå 2003 til oktober i år.**

### Direkte val

Begge periodane var han vald i direkte val, dvs at innbyggjarane røysta direkte på namngitte kandidatar som ordførar i tillegg til det vanlege kommunevalet. I den første perioden stilte han opp saman med Arne Hosaas og Sigurd Johnny Svendsen. Det vart ei spennande oppteljing som til slutt enda opp med at Svein Ove vart ordførar med ganske få røyster meir enn Arne Hosaas. I denne perioden hadde Høyre 5 representantar i kommunestyret mot Senterpartiet sine 6, Arbeiderpartiet sine 3 og Kr.F. sine 3.

I 2003 bestemte kommunestyret på ny at det skulle vera direkte val av ordførar. Denne gongen var det Kleng Våga som stilte som kandidat i tillegg til Svein Ove Alvestad. Oppteljinga viste at Svein Ove Alvestad vart ordførar med stort fleirtal. Første perioden hans som ordførar hadde antakeleg styrka hans kandidatur betydeleg. Samstundes styrka Høyre seg som det største partiet til 7 representantar i kommunestyret. Senterpartiet fekk 5, Arbeiderpartiet 3 og Kr.F. 2. Ordføraren hadde imidlertid ikkje fleirtak bak seg, i og med at det vart ein fleirtalskoalisjon mot Høyre.



**Svein Ove Alvestad på kontoret få dagar før han gjekk av som ordførar**

### Krevande oppgåver

Svein Ove Alvestad meiner det er krevande å vera den øverste politiske talspersonen i ein kommune. Då er det viktig å skaffa seg eit godt nettverk både i og utanfor kommunen. Dette viste seg å vera nyttig då kommunen mista regionaltilskotet i 1998. Å få tilbake det kommunen mista vart ei stor oppgåve som måtte løysast i hans første periode som ordførar. Kommunen fekk etter mykje arbeid og møter med lokale og sentrale styresmakter gjennomslag for regionaltilskot i 2000, til tross for at me var falle ut som distriktsutbyggingskommune. Dette var eit arbeid kor både ordførar, varaordførar og rådmann var pådrivarar for å få tilskotet innført igjen. Storleiken på tilskotet var på den tida rundt 3,5 millionar kroner, og auka til over 5 millionar i 2005. Det er generelt sett eit viktig fundament for kommunen si drift vidare. Svein Ove Alvestad ser på dette arbeidet som ein av dei sakene han kan seia seg godt nøgd med i si ordførartid, men understrekar at det var eit resultat av eit teamarbeid. Det var også eit resultat av at han hadde eit politisk nettverk både på fylkesnivå og i Stortinget som kunne nyttast i arbeidet. Å ha eit slikt nettverk er ein styrke i arbeidet for kommunen.

Andre viktige hendingar for kommunen i hans ordførartid var elles barnehagen som opna i 2000. Utvidinga av skulen var ferdig i 2002, biblioteket i 2003 og dei 9 nye omsorgsbustadene var klare til bruk i 2005. Han understrekar at dette var eit resultat av eit samla kommunestyre sine vedtak, kor prosessen hadde starta tidlegare. Likevel var det viktige milepælar i kommunen, som i dag framstår med rimeleg nye og tidsmessige bygg, men også som ein kommune med relativ stor gjeld. Nå kan ein drøya med nybygg til gjelda er noko nedbetalt. Andre viktige ting som har skjedd er at Gards– og ættesogebøkene er kome ut, og at det er avsett midlar til kulturhistorie for Bokn. Det er også kome inn sponsormidlar frå bedrifter til dette.
Også i forhold til bedrifta Bokn Plast meiner Svein Ove Alvestad at det er gjordt eit bra arbeid frå kommunen si side ved at dei har fått ny tomt og høve til utviding.

### Marknadsføring

Å gjera kommunen kjend har vore ei viktig arbeidsoppgåve for Svein Ove Alvestad i hans ordørartid. Han meiner at Bokn har vore godt marknadsaført i perioden, noko som kan hjelpa til med at folk og bedrifter ser på kommunen som ein aktuell stad å busetja seg i, eller etablera arbeidsplassar.

### Ansvarsfullt arbeid

Å vera ordførar medfører at ein er talsperson for kommunen, sjølv om også den øverste administrative leiinga og kommunestyret har denne rolla. Ordføraren blir likevel ein frontfigur som skal uttala seg på vegne av kommunen. I dei siste 8 åra har han hatt mange besøk og telefonar frå innbyggjarar, dei fleste hyggelege. Når det gjeld forventningar til rolla som ordførar, føler han helst at dette har vore forventningar han har hatt til seg sjølv. Han har hatt som mål at han ville jobba for at alle innbyggjarane skulle ha det så bra som muleg. Dette blir alltid eit lagarbeid med alle dei andre politikarane. Diskusjonane kan gå, og som regel er ein enige om målet, men ikkje alltid om korleis ein skal nå dit.

### Nedtur

Svein Ove Alvestad kjem ikkje utanom den nedturen han hadde då ordførarstilllinga vart kutta i omfang. Det var vanskeleg for han å takla, og føltes som eit skot for baugen i arbeidet for å gjera sitt beste for kommunen. Faktisk vurderte han å trekkja seg som ordførar som fylgje av dette, men prøvde likevel å få

til eit godt samarbeid vidare. Sidan han var direkte vald, bestemte han seg for å halda fram, men meiner det var komunen som vart skadelidande pga dette.

**Nye utfordringar for kommunen**
Svein Ove Alvestad seier at sjølv om kommunen nå har god økonomi og mykje god bygningsmasse, står ein framfor kjempestore utfordringar i tida framover. Nye utval har vore i arbeid for å laga nye reglar for utrekning av rammetilskot for kommunane. Her kjem Bokn frykteleg dårleg ut i første omgang, og om dette ikkje blir endra, vil dei økonomiske vilkåra bli tøffe. Han ser også store utfordringar når det gjeld å dekka dei kommunale stillingane reint kompetansemessig. Konkurransen kjem både frå det private næringslivet, større kommunar og andre offentlege verksemder. Dette må det finnast løysingar på om Bokn skal bestå som eigen kommune.

**På utkikk etter jobb**
Den tidlegare ordføraren har ikkje noko arbeid å gå tilbake til, og etter kvart ser han seg nå om etter ny jobb. Utanom allmennfag på vidaregåande skule har han fagbrev innafor akvakultur. Han har likevel mange års yrkeserfaring innafor praktisk arbeid kombinert med drift og leiing av oppdrettsanlegg. Å ha hatt ei politisk leiarrolle i 8 år i det offentlege pluss andre politiske roller og styrefunksjonar i det private og offentlege, er vel heller ikkje noko ulempe når ein er ute for å søkja jobb. Han er også godt kjend i regionen gjennom det arbeidet han har utført.

**Nr. 21 på veggen**
Når Svein Ove Alvestad nå er gått av som ordførar etter 8 år, vil han som alle andre tidlegare ordførarar få ein plass på biletveggen av ordførarar i det som tidlegare var servicetorg i kommunen. Her er det opphengt 20 bilder av ordførarar frå 1850, og Svein Ove blir såleis nr. 21.

# Eldretrimmarane på komlemiddag

Reidar Alvestad

**Pensjonistgruppa som nå i eit par år har drive med turgåing kvar mandag, tok i fjor ein tur til Arsvågen kafe kor dei hadde seg eit måltid mat før jul. Dette syntes dei tydelegvis var så vellykka at det blei ein førjulsmiddag i år også. Og kva passar betre enn torsdagskomler?**



**For 2. år på rad samla trimmarane seg til førjulsmiddag på Arsvågen**

**Held ut**
Mange trudde kanskje at turgruppa ikkje ville halda fram i fleire år. Men den gong ei. Det er like mange som er med nå som tidlegare. Talet på deltakarar kan variera. Det kan vera både 10 og 15 som kvar mandag samlast ved kyrkja og går turstien til Føresvik. Det blir ordna slik at dei som ikkje vil gå siste kneiken tilbake frå Føresvik til kyrkja, kan fylgja bilar opp.
I sommarhalvåret kan dei også ta turar andre stader for å få meir variasjon. I turen ligg også ein pause kor dei kan nyta medbrakt mat og drikke.

**Ikkje berre trim**
Det er tydeleg at det sosiale med turane er like viktig som trimmen. Bjørg Alvestad som er leiar av eldrerådet og initiativtakar til gruppa, seier til Bygdabladet at mange gledar seg til mandagane og turane. Vil du vera med, kan du berre ta kontakt med henne, eller møta opp der turstien startar ved kyrkja ein mandag ved to-tida.

## Serinakaker:

300 gr margarin
250 gr sukker
Dette røres hvitt
2 egg (piskes)
2 ts vaniliesukker
2/4 ts hornsalt
ca 400 gr hvetemel
Penses med egg, trykk lett på kaken med en gaffel, ha på perlesukker til pynt!
Stekes på 180'C i ca 12 minutter midt i ovnen.



# Studietur til Toscana

Ingjerd Ellingsen

**TILSETTE I SEKSJON KULTUR, SKULE OG BARNEHAGE PÅ STUDIETUR TIL ITALIA – " EI REISE MED LÆRING OM SKULE OG KULTUR".**
**TID: 4.- 9.OKTOBER 2007**
**ANTAL: 32** .

Det var ei utruleg oppleving å møte alle dei reiseklare, "fjåge" og forventningsfulle "reisevennene" som møttest til avreise på flyplassen på Karmøy. Der møtte me dessutan ein av reiseleiarane våre, Bente Thurmann-Nielsen som skulle vere med oss på heile turen. Samstundes var underteikna sjølvsagt spent på om turen ville bli slik som planlagt og at me ville kome vel heim att fulle av gode inntrykk og opplevingar.
Det er nå ein gong slik at når ein er komen til flyplassen, har sjekka inn og berre ventar på at flyet skal ta av – då er ein "på tur". Humøret var på topp og forventningane store. Me håpa sjølvsagt og at me skulle få oppleve litt sol og varme sidan me ikkje har fått oppleve det på Vestlandet denne sommaren.

Me reiste med Ryanair kl.14.05 til London/Stansted/ og måtte ha eit opphald der til neste fly vidare til Pisa/ Italia kl.18.45 Då vart det tid til litt mat og småhandling. Det er omstendeleg å reise med fly for tida så det går mykje tid til innsjekking. Me landa i Pisa rundt klokka 22 og vart henta av Riccardo som køyrde oss til hotellet i Montecatini Terme. Alt då kjende me varmen, men det var mørkt så me fekk ikkje noko inntrykk av at me nå var komne til Sør- Europa. På hotellet venta litt enkel kveldsmat, me fekk romma våre og fekk orientering om fredagen og skulebesøka som var avtalt. Der møtte me og Karin Ellefsen som var den andre reiseleiaren vår og som hadde reist ned før oss, for å organisere denne viktige delen av opphaldet. Me var delte inn i 5 grupper og skulle bli henta fredag morgon.

Det vart ein veldig fin dag i møte med italiensk skule og barnehage. Me vakna til sol og varme og me vart henta av nokre utruleg venlege, blide og engasjerte lærarar og tatt med til "besøkskulane".

Gruppe 1: Astrid Sollid, Hege Sunde, Svanhild Alvestad og Jorunn Schmeichler sit att med desse inntrykka frå ein barneskule i Nievelo:

"Dette var ein skule frå 1.-5. klasse og med barnehage vegg i vegg med eigen inngang. Det var ein eldre murbygning i to etasjar med lite utstyr og ein del eldre inventar. Skulen var låst heile dagen – du måtte ringje på for å kome inn. Klassane var små som her hos oss - frå 8 til 12 elevar. Dei fleste elevane hadde ein blå skuleuniform som var som ein kjortel. Elevane var i gangane i pausane og det var ikkje leikeapparat ute. Klassane hadde fine og tiltalande skulebøker. Dei arbeidsbøkene ein fekk sjå viste fine arbeid, nydeleg skrift og fine teikningar. Det var mykje tavleundervisning og ein tenkte mykje likt om begynnaroopplæringa i 1.klasse. Skulen hadde nokre datamaskinar, men ingen var kobla til internett.På skulen hadde ei "husmor" som m.a. tok seg av vask, rydding og passa på døra. På to "langdagar" i veka fekk elevane eit varmt måltid. Personalet verka glade for å få besøk og dei hadde lyst til å besøke oss. Det var berre ei av lærarane som snakka engelsk. Det vart og tid til ein tur i barnehagen. Dei hadde eit lite uteområde med nokre få apparat. Her jobba det til og med ein mann!! Her fekk gjestene god pizza og godt brød.
1.og 3. klasse har skrive brev på engelsk og sendt teikningar til skulen med bilete frå både Italia og Bokn."



**Frå eit klasserom**

Gruppe 2: Sandra Vestvik, Wenche L.Havikbotn, Jardar Havikbotn, Ranveig Nygaard, Wenche Jøsang, May Elisabeth Alvestad og Linda Ognøy var på byskulen Pascoli og dette er deira inntrykk:

"Me hadde eit fantastisk skulebesøk. Dei var gjestfrie, tok vel imot oss og var og interessert i det me kunne fortelje. Pascoli var ein typisk byskule. På skulen gjekk det ca. 250 elevar frå 6-11år. Her var og ein 3-6 års barnehageavd. Det var ein gammal murbygning bygd av Mussolini i 1920. Skulesjefen hadde kontordag på den skulen fleire dagar i veka. Bygningen var stor og bygd kvadratisk med eit lite uteareal i midten. Inne var det høgt under taket og lite ventilasjon og det var dårleg akustikk.

Elevane hadde ikkje noko særleg friminutt ute. I klassane var det mellom 15 og 22 elevar og dei hadde og skuleuniformar. I klassane var det fleire framandspråklege elevar, men dei hadde lite morsmålsundervisning. Lærarane var faglærarar og underviste i få fag også i småskulen. Skulen hadde eit gammalt bibliotek og eit IKT-rom med 10 maskinar. Gymsalen var "håplaus"- ikkje garderobe eller dusj. Elevane kom i gymklede den dagen dei skulle ha gym. Undervisninga var godt organisert og elevane var svært nøyaktige med arbeidet sitt - noko dei såg på som viktig. Pascoli og vår skule skal ha vidare kontakt.

Gruppe 3: Inge Birkeland, Jan J. Sollid, Arne Hosaas, Brit Opsal, Anne L.Faye, Merete Alvestad, Åslaug Håland og Dag Halvorsen var på ein ungdomsskule – Galileo Chini.

Skulen er oppkalla etter ein kjend keramikar. På denne skulen var det 550 elevar frå 11-14 år og det var vaksne elevar på skulen om kvelden som dei same lærarane underviste. Alle elevane måtte kjøpe bøkene sine sjølv og dei kunne få støtte frå kommunen. Enkelte familiar var det vanskeleg å få tak i og det førte til at elevar sat utan bøker. Gymsalen måtte dei køyrast til og uteområdet var lite. Klasseromma var triste og dei hadde ikkje spesialrom t.d.naturfagrom.

Elevane hadde avsluttande eksamen, men kunne gå om att siste året dersom dei strauk eller trudde dei ikkje ville greie eksamen. Engelsk er obligatorisk, men det var få me møtte som snakka bra engelsk. Gruppa var og innom ein spansk-klasse og der snakka dei bra spansk. På skulen var det to rektorar - ein administrativ og ein pedagogisk. Sistnemde snakka ikkje engelsk i det heile tatt!! Alle vart tatt godt imot og det vart utveksla e-postadresser.

Gruppe 4: Solveig Våga, Ruth S.Andersen, Sigrunn H. Hosaas, Venevil Birkelund, Kathrine B. Holden, Terese Villalobos, Annette Bokneberg og Ingjerd Ellingsen var på Casciani skule.

Me vart henta av Emma Felli på hotellet og hadde ein fin spasertur til skulen. Skulen var gjerda inn her og. Utearealet var lite og utan leikeapparat. Det var 110 elevar på skulen frå 6 til 11 år og gutane hadde blå skjorter og jentene lysblå kjolar "armforkle".

Klasseromma var små, men var fargerike og viste fine



**Jentene i kjolar og gutane i skjorter.**

og kreative elevarbeid. Denne skulen hadde eit datarom -"aula multimediale"- og hadde dessutan ei kantine. Lunsjen var ei oppleving i seg sjølv. Støynivået var høgt og alle elevane var samla klassevis rundt langbord. Dei fekk mykje mat. Fyrst ein lokal rett, deretter ei stor skei pasta i tomatsaus.
Deretter fekk dei svinekjøtt m/brekkbønner og ei stor fersken til slutt. Skulemåltidet varte ein time. Foreldra måtte kjøpe matkupongar og om ein budde nær skulen kunne dei ete heime. Me vart utruleg godt tatt imot og det var ein fin atmosfære på skulen med fin kontakt mellom elevane og dei vaksne og dei hadde god disiplin.
Skulebesøka var ei fin oppleving for alle. Det er alltid lærerikt å treffe kollegaer i andre land og få dele erfaringar og berre sjå korleis andre har det.

Fredagskvelden hadde me felles velkomstmiddag oppe på Montecatini Alto. Opp dit måtte me ta ein "Fløibane" og både turen opp og ned var ei oppleving fordi det i personalet er nokre "pyser" som rekna med det var deira siste tur. Utsikten var fantastisk og måltidet med fire rettar ei oppleving i seg sjølv.
Laurdag var me på det fyrste bybesøket. Då gjekk turen til Siena- ein fin gammal by med smale gater, høge hus og sjølvsagt flotte store kyrkjer. Karin ga oss god informason i bussen på vegen dit. Etter å ha rusla rundt gjekk me til Carla som serverte oss ein nydeleg og typisk italiensk lunsj i den fine hagen sin.

Sundag var me i den bilfrie byen Lucca som bere låg 30 minutt unna. I Lucca vart komponisten Puccini fødd og gater og stader bar namnet hans. Byen er kjend for den fantastiske bymuren som me spaserte oppå og som er dobbel så brei som ein vanleg veg og med store trær som laga skugge.

Toscana er kjend for god mat og god vin. Me hadde lunsj den dagen på ein vingard og fekk oppleve vinsmaking og fekk sjølvsagt ein fantastisk lunsj i den flotte hagen. Der var det og høve til å kjøpe olivenolje og vin frå "gardsbutikken"

Måndag var siste dagen og då reiste me med tog til Pisa. Det skeive tårnet og Mirakelplassen er eit "mirakel". Den store opne plassen med dei flotte bygningane -dåpskapellet, domen og det skeive tårnet ligg nydeleg til med grøne plenar rundt og omkransa av pinjetrær. Pisa er ein liten by og me nytta dagen til berre å rusle rundt og nyte den gode varmen og ta inn nye inntrykk.. Me fekk på heile turen sommarvarme og opplevde berre ein regnskur som klara lufta litt ein kveld.

Natt til tysdag starta heimturen og alle kom vel heim. Turen vart " Ei reise med læring om skule og kultur".



**Flott inngongsparti hjå Carla, der vi hadde lunsj.**

# Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

**Desember**

**06. Forvaltningsstyremøte**
07. Kino i Auditoriet
**09. Sundagsskule kl. 10.00 på Bedehuset**
09. Luciafest på skulen - arr. Bokn musikkorps
10. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
16. Gudsteneste kl. 11.00
16. Juletrefest for born på bedehuset kl. 15.00
Arr: Ekornspeidarar, og Småspeidarar

**18. Kommunestyremøte**
19. Juleavslutning, Bokn skule
21. Julekonsert i Bokn kyrkje kl. 19.00, arr. Sokne-rådet
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Juletrefest på Bedehuset kl. 19.00
Arr.: Frelsesarmeen og bedehusstyret
31. Gudsteneste kl. 16.00

